



Kø framfor nissen, ein raus type

**Det skal meir til enn heftige kulingkast for å halda borte dei som soknar til forsamlingshuset Vonheim. Som i fjor møtte det 55 på den tradisjonelle julefesten og det er akkurat tilstrekkeleg til å skapa atmosfære. Vonheimleiar Anne Grethe Sjo har all ære også av denne samkoma som meir enn nokon andre festar i bygda er prega av aldri sviktande tradisjon., Soleis opna muskarane i musikklaget også denne gongen med ein kvarterlang julesong-konsert der dei viste at formen er aukande!**



Joakim på 10 las juleevangeliet

Preika denne gongen hadde Inger Elise Helgeland, i siste Uskedalsposten karakterisert som den trufaste tenaren. Ho overlet ordet til 10-åringen Joakim Musland, som las juleevangeliet.

Seinare var det matøkt, også den i pakt med tradisjonen ettersom alle har med seg mat. Nissevisitt er sjølv sagt også ein fast post og mykje tyder på at Vonheim-nissen er ein raus kar ettersom han og hadde pakke til bladfyken!

Leikar høyrar vidare med på eit tradisjonelt juletreffestprogram og denne gongen var stikkorda gulerot og sko utan at vi er istand til å gje nokon uttømmmande skildring av tevlingane.

Derimot gjorde juletrengangen eit sterkt inntrykk, særleg fordi uskedalingane song så vakkert på hedemarksdialekt. **Imponerende** er karakteristikken ein innfødt vil bruka!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen





Julesong på hedemarskdialekt imponerte, men her klappar uskedalingane i hendene under Du grønne, glitrende